

Vår saksbehandlar: Petter Haagenen

Vår dato:  
28.11.2019  
Dykkar dato:  
27.11.2019

Vår referanse:  
2019/12218  
Dykkar referanse:

Lindås kommune  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

## Utbetalingsbrev hausten 2019 – Lærarspesialistfunksjon 2019-kullet. 1. semester

### Grunnlag for utbetalinga

Statsbudsjettet for 2019 vart vedteke av Stortinget i desember 2018. Vedtaket går fram av Stortingets behandling av Innst. 12 S (2018 – 2019) og Prop. 1 S (2018 – 2019) for Kunnskapsdepartementet.

For ytterlegare informasjon om ordninga viser vi til <https://www.udir.no/larerspesialister>

### Utbetaling av funksjonstilskot for lærarspesialistar 2019-kullet, 1. semester

Utbetaling av funksjonstilskot for hausten 2019 er basert på:

- Skoleeigars stadfesting i søknads- og oppfølgingssystemet for talet på lærarar som framleis er i funksjon som lærarspesialist. Utrekninga er basert på informasjon per 08.11.2019.
- Funksjonstilskotet er redusert for lærarar som har slutta som spesialistar mellom to semester.

Oversikt over lærarane som deltek i lærarspesialistutdanning finn de på TAVLA: <http://www.udir.no/verktoy/tavla/> og i søknads- og oppfølgingssystemet: <http://komp.udir.no/extranet> under modulen «Lærarspesialistfunksjon 2019».

Følgjande vil om kort tid bli utbetalt til Lindås kommune til 32010589311:

Grunnlag	Antall/sum	Periode	Sats	Beregnet tilskudd
Beløp	135504,00	Jul-Des	—	<b>135 504,00</b>
Arbeidsgiveravgift (14,1%)	135504,00	Jul-Des	—	<b>19 106,00</b>
<b>Totalt:</b>	<b>271008,00</b>			<b>154 610,00</b>

Utbetalinga er merkt «Lærarspesialisfunksjon 2019-kullet». Merk at det er totalbeløpet under kolonnen «Beregnet tilskudd» som vil bli utbetalt.

### Vilkår for utbetalinga

Mottakaren har plikt til å melde frå til Utdanningsdirektoratet med ein gong dersom grunnlaget for midlane blir endra eller fell bort. Midlane kan da trekkjast tilbake heilt eller delvis.

Utdanningsdirektoratet kan kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 10 i Bevilgningsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos mottakarar for å kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom Lindås kommune ikkje har gitt riktige opplysningar, har brukt midlane i strid med føresetnaden, eller på annan måte har brote vilkåra for midlane, kan Utdanningsdirektoratet halde tilbake midlar eller krevje dei tilbake. Ved feil utrekning eller utbetaling av midlar kan det gjerast avrekning i påfølgjande tildelingar.

Med helsing

Ida Large  
avdelingsdirektør

Petter Haagensen  
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent.